



Statens vegvesen

Truls Bauge
Monslaup 131
5953 FONNES

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/telefon:
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:
16/129916-2

Deres referanse:

Vår dato:
06.10.2016

Uttale – Søknad om avkjørsel – Fv. 418 – Gnr. 136 bnr. 1 – Austrheim kommune

Statens vegvesen viser til søknad om avkjørsel til fylkesveg 418 frå gnr. 136 bnr. 1. Du viser til at avkjørsla låg inne i reguleringsplanen for Johan Sverdrup oljerørledning, som no er trekt. Du søker derfor om ny avkjørsel etter veglova.

Opplysningar om saksgang

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltaket du har søkt om vere behandla etter plan- og bygningslova. Derfor gir vi i dette brevet ein uttale til dispensasjonsspørsmålet.

Gnr. 136 bnr. 1 er etter det vi kjenner til vist som landbruks-, natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplanens arealdel. Kommunen må vurdere om tiltaket du har søkt om krev dispensasjon frå LNF-føremålet. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. I denne saka gjeld dette i utgangspunktet avkjørsel, men det kan og gjelde byggegrense mot veg dersom planering eller fylling skal skje i nærleiken av fylkesvegen.

Førehandsuttale til behandling etter plan- og bygningslova

Det er søkt om utvida bruk av avkjørsel til 2 nye bustadeiningar på eigedommen. Det er i kartvedlegget vist at du søker om å etablere avkjørsla med føremål jordforbetring. Dette vil også kreve dispensasjon frå veglova dersom det skal tilkøyrast masser nærare fylkesvegen enn 50 meter.

I *Rammeplan for avkjørslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest 2013-2016* er vegen klassifisert med haldningsklasse 4. Det vil for avstandskravet seie at vi skal legge til grunn ei byggegrense på 15 meter når vi handsamar saka. For avkjørsla vil det seie at vi normalt kan gje løyve til ny avkjørsla dersom dei tekniske krava vert tilfredsstillt.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Det er ikkje gjeve informasjon i søknaden om kor nært fylkesvegen det skal tilkøyrast masser. Dersom dette skjer 15 meter frå midten av fylkesvegen, kan du pårekne å få dispensasjon dersom vi får saka til behandling etter veglova. Dersom vi skal vurdere kortare avstand, må dette grunngjevast med tilhøva på staden og det må ikkje påverke fundamentet til veggen.

Dersom avkøyrsla vert bygd i samsvar med tekniske krav kan du pårekne å få løyve til å etablere ei ny avkøyrsla. Vi må få opplysningar om dette er ei midlertidig avkøyrsla eller om ho skal vere permanent. Utformingskrav er særleg knytt til svingradius, sikt og helling, jf. handbok N100 og handbok V121. Handbøkene kan ein finne på www.vegvesen.no.

På bakgrunn av dette har vi ingen vesentlege merknader til kommunen si handsaming av saka.

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova

Statens vegvesen avventar vidare behandling av søknad om etablering av ny avkøyrsla og dispensasjon frå byggegrense mot veg til kommunen har behandla saka etter plan- og bygningslova. Det må då sendast ny søknad med kartvedlegg som viser utforminga av området for jordforbetring og utforming av avkøyrsla. Dette brevet kan du sende med som vedlegg til søknad om dispensasjon til Austrheim kommune.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med hilsen

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Kari Elster Moen
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi
Austrheim kommune, Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM